

Nordfjord-HALS

Strikk din eigen Nordfjord-hals og bli med på strikkfestival. Halsen har same mønster som festivalgenseren frå Nordfjord strikkfestival.

OPPSKRIFT

GARNALTERNATIV

Botnfarge: 100 g, Rauma Vams Pt3, FARGE

Mønster: 50 g, Rauma Vams Pt3, FARGE

Du kan også bruke anna garn som får rett strikkfastheit, eller noko restegarn du har liggande.

RETTLEIANDE PINNAR

Liten rundpinne nr. 6

Liten rundpinne nr. 7

STRIKKEFASTHEIT

13-14 m på 10 cm glattstrikk

Pass på å holde strikkfastheiten dersom du vil ha eit vellukka resultat.

Les gjennom heile oppskrifta før du tek til å strikke.

Legg opp 72 (80) m med botnfarge på liten rundpinne nr 6. Strikk 10 omg vrangbord 1r, 1 vr.


Hald fram i glattstrikk og skift til pinne nr 7, og auk 8 masker jamt fordelt på neste pinne (80 m).

Strikk mønster etter diagrammet. Diagrammet vert repetert over heile omgangen.

Strikk til halsen måler ca 24 (26) cm, og avslutt med ein heil eller halv rapport. Strikk 2 omg rett. Fell 8 masker jamt fordelt på siste omg. Skift til liten rundpinne nr 6. Strikk 10 omg vrangbord 1r, 1 vr. ↑

Fell laust av på neste omg. Fest alle trådar, fukt og damp halsen lett.

Diagram



Mønsteret er gratis, men om du vil støtte festivalen kan du vippse nokre kroner til

#594089



Nordfjord strikkfestival finn stad på Nordfjordeid 26.-28. april 2024. Les meir om programmet på www.nordfjordstrikkfestival.no og bruk QR-koden til å kjøpe festivalpass

